



May Torill Øyulvstad
Skjelangervegen 426
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1314 - 17/23585

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
01.12.2017

Pålegg - GBNR 51/134 - Krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 330/2017

SAKSUTGREIING:

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, datert 12.5.2017, med frist for tilbakemelding innan 26.5.2017. Kommunen mottok tilbakemelding frå deg den 18.5.2017, der du grunngjev kvifor du ikkje ønskjer å kople deg til det kommunale anlegget. Du meiner at ei tilkopling vil medføre ein uforholdsmessig stor kostnad for deg.

VURDERING:

Det følgjer av pbl § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal tilkoplast til ei offentleg vassleidning, «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*»

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.1.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

Kommunen sine kart viser ein avstand på om lag 50m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til din eigedom. Vidare har du ikkje dokumentert kva det vil koste deg med ei tilkopling. Vi viser i den samanheng til at kommunen kan gje fritak frå tilkopling når det vil medføre ein «*uforholdsmessig stor kostnad*», jf. pbl § 27-1, og kan ikkje sjå at kostnaden din med utbygging av borehol for vatn i 1995-1997 tilseier at vi kan gje fritak med heimel i pbl § 27-1. Vi viser i den samanheng til Sivilombudsmannen si årsmelding 2004 s. 281 der det vart lagt til grunn at kostnadar på opp mot kr 100 000 ikkje var uforholdsmessig, sjølv om eigedomen frå før av hadde eit tilfredsstillande privat anlegg.

På bakgrunn av det ovannbemnde vil du bli pålagt tilkopling til det kommunale anlegget.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ein ansvarleg røyrleggjar må søkje til kommunen om tilkoplinga, og frist for tilkopling er **1.6.2018**.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev gbnr. 51/134 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. Tilkopling må skje innan 1.6.2018. For saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

May Torill Øyulvstad

Skjelangervegen 5917
426

ROSSLAND